

Saksframlegg – Nedlegging av Surnadal IL Trim

Trimgruppa har over fleire år hatt dalande aktivitet. StikkUT har vorte veldig populært og har meir eller mindre utkonkurert Trimpostane til Trimgruppa.

Då stod trimgruppa att med Nordmarksrunden som einaste aktivitet. Etter ynskje frå styret i trimgruppa kjem denne saka opp. Trim er ikkje tilknytta noko særforbund og vi må difor ikkje melde oss ut av noko særforbund som følgje av denne saka.

Styret i Trimgruppa har ytra ønske om å sette opp ein gapahuk til glede for heile bygda med noko av dei midlane dei har att. Resterande midlar ynskjer dei at blir fordelt på dei andre undergruppene i allidretten.

Forslag til Vedtak:

Surnadal IL Trim blir nedlagd med umiddelbar verkning.

Styret i trimgruppa får bruke det som trengst av trimgruppa sine oppsparte midlar på å sette opp ein gapahuk.

Dei midlane som står att etter at gapahuken er sett opp blir fordelt på dei andre undergruppene i allidretten.

Langrennsgruppa får ansvaret for å arrangere nordmarksrunden åleine.